

REFERAT FRÅ ÅRSMØTET I TELEMARK FOLKEMUSIKKLAG Onsdag 27. april 2016

1. Opning

Styreleiar ynskta velkomen til årsmøtet. Ottar Kåsa spelte ein slått.

2. Godkjenning av innkalling og sakliste

Saklista og innkallinga vart godkjent

3. Val av møteleiar og referent, samt protokollunderskrivarar.

Vedtak: Kjell Stundal vart vald til møteleiar.

Referent Bjønn Rue

Protokollunderskrivarar: Torunn Raftevold Rue og Harald Omnes

4. Opprop

Desse møtte:

- | | |
|-------------------------|----------------------------------|
| 1. Linda Helgetveit | Nes nasjonale dansarring |
| 2. Harald Omnes | - « - |
| 3. Gudrun Straand | Fjellrosa |
| 4. Ottar Kaasa | Bøheringen/ Falkeriset |
| 5. Aud Manheim | Seljord folkemusikklag |
| 6. Torunn Raftevold Rue | - « - |
| 7. Kristian Solås | Bø juniorspelemannslag |
| 8. Gunnar Blomhaugen | Vårlengt |
| 9. Arnhild Brennesvik | - « - |
| 10.Åsne Haugen | Tinn spelem. Lag |
| 11.Gunnbjørg Miland | Bø dansarring |
| 12.Rønnaug Larsen | Fjellrosa/ Bø dansarring/ styret |
| 13.Bjønn Rue | Seljord folkemusikklag/ styret |
| 14.Kjell Stundal | Styret |
| 15.Heidi Vege | Rekneskapsfører/ nettred. |
| 16.Per Øyvind Tveiten | Folk.org |

5. Årsmelding 2014

5.4. Det må ryddast opp i heidersmedlemmer. I årsmeldinga er FolkOrg og TFL sine medlemmer blanda saman. Retningslinene for utnemning av heidersmedlem bør også finnast fram. Styret bør få inn forslag til heidersmedl. Dette bør ikkje takast i plenum på årsmøtet, men i styret.

Vedtak: Styret får i oppgåve å sortere opplegg for heidersmedlemmer gjennom folkorg. og fylkeslaget, sjekke gjeldande regelverk og informere laga om dette.

5.7. Torunn informerte om Torkjel Haugeruds Minnefond

5.11. Det bør kome ei oppmoding/ invitasjon til alle folkemusikkutøvarane i fylket til Tiljetakt si avsluningsframføring på Telemarkfestivalen 19. aug).

Styret vert bedt om å drøfte ei fortsetting av Tiljetakt etter at prosjektet no vert avslutta. Korleis fortsetje? Pengar? Det bør vera eit møte om dette!

Vedtak: Årsmeldinga vart godkjent med dei endringane som vart kommentert

6. Årsrekneskap 2014

Heidi Vege gjekk gjennom rekneskapsoppsett, kommenterte postar og samanlikna tala med rekneskapen i 2014.

Vedtak: Rekneskapen vart godkjent.

7. Arbeidsplan og budsjett

Ordstyrar gjekk gjennom oppsettet med prioriterte arbeidsoppgåver for 2016

Vedtak: Årsmøtet godkjente oppsettet med prioriterte arbeidsoppgåver som retningsgjevande for styret/ arbeidsutvalet sitt arbeid fram til neste årsmøte.

8. Innkomne saker

Aud Manheim, Rønnaug Larsen og Bjønn Rue informerte og la fram forslag til nytt tevlingsreglement.

Vedtak: Årsmøtet godkjente det nye tevlingsreglementet.

9. Val

Leiar:	Lars Erik Øygarden	(2år)
Styremedl:	Kjell Stundal	(2 år)
	Bjønn Rue	(2 år)
1. vara:	Gudrun Staand	(2 år)
2. vara:	Lars Ingar Meyer Fjeld	(2 år)
3. vara:	Ole Arnfinn H.	(2 år)
Valnemnd:	Rønnaug Larsen	(2 år)
	Aslaug Kostveit	(2 år)
Revisor:	Anne Tone Aasbø	(2 år)

Referent: Bjønn Rue

Protokollunderskrivarar: Torunn Raftevoid Rue

Harald Omnes

REPRESENTANTSKAPSMØTE

Orienteringar, ordskifte, innspel og ev. vedtak

1. Ny nettside for TFL

Heidi Vege presenterte den nye nettsida til Telemark folkemusikklag og viste fram elementa og opplysningar som alt er lagt inn og om dei nye mulegheitene som den nye plattformen gir. Ungfolk er nå, saman med andre prosjekt i regi av fylkeslaget, ein del av same nettsida. Heidi la spesiell vekt på at laga måtte vere flinke med å melde inn arrangement i god tid og gjerne sende fylldig informasjon om tiltaket. Elles vert alle oppmoda om å bruke nettsida aktivt og fylgje med på arrangement rundt om i fylket. Domenenamn er: www.telefolk.no

2. Telemark folkemusikksenter

Leiaren orienterte om arbeidet med etablering og utvikling av Telemark folkemusikksenter. Det formelle stiftingsmøtet, etter eit års drift med eit interimsstyre, vart halde 3. februar med initiativtakarane Telemark folkemusikklag, Telemarkfestivallen, Folkemusikkarkivet i Telemark og Telemark kulturnettverk. Bø kommune har gitt munnleg tilbakemelding på at Norsk hardingfelesenter ohså vil slutte seg til den nye organisasjonen. Styret arbeider kontinuerleg med søknader til ulike instansar, med serleg trykk på Norsk kulturråd og Telemark fylkeskommune som dei viktigaste partane. Næringsfondet i Bø kommune har løyvd kr. 100.000 til etablering av senteret. Senteret har mellom anna starta opp turnear med utøvarar frå Telemark/Agder, foreløpig med ein turne om hausten og ein om våren.

3. UngFolk 2016

Leiaren orienterte om planane med UngFolk 2016. Det vert lagt opp til eit grunnkurs for aldersgruppa 10-14 år og eit kurstilbod for dei vidarekomne i aldersgruppa 14-20 år. Kurset vert på Seljord folkehøgskule i perioden 8.-12. august. Telemarkfestivalen går i år ei veke etter UngFolk. Det vert likevel lagt opp til eit samarbeid. I år vert det ein eigen ungdomskonsert på ettermiddagen laurdag 20. august. Deltakarane her vert deltakarane på UngFolk - vidarekomne og i tillegg laurdagskurser i fordjupning (talentskolen). Lokallaga vert bedt om å aktivt stimulere til påmelding til UngFolk, dette er serleg viktig for grunnkurset slik at dei yngste kjem inn i eit miljø og vert kjende med andre unge med same interesse. Det er fint om lokallaget også kan vere med å subsidiere kontingenten til deltakarane sine.

4. Tiltak for unge talent

Undervisninga er mynta for ungdom som har vist talent og interesse for instrument sitt og sangen. Målet med dette tilbodet har vore å samle interessert og motivert ungdom i alderen 13-18 år til jamnleg undervisning i grupper på 3-5 elevar. Undervisninga er lagt til laurdagar med undervisning ca ein gang pr. månad, med tre-

fire frammøtedagar a fem timar i kvart semester. Som avslutning på første året vert det laga ein produksjonar med elevane som skal framførast på Telemarkfestivalen. Det første året har prosjektet vorte gjennomført som eit samarbeid mellom Bø kulturskule ved rektor og Telemark folkemusikksenter ved styreleiar . Undervisninga har foregått i Gullbring kulturanlegg. Det vert søkt om tilskot frå ulike instansar for å kunne vidareføre tilbodet for neste skuleår. Første året har 13 elevar fått dette tilbodet.

5. Tiljetakt – status- vidareføring?

Våren 2016 vert det 3-årige prosjektet avslutta med framføringar i Telemark og Oslo (rikjsscenen). I tillegg vert det gitt ei eiga framsyning på Telemarkfestivalen fredag 19. august. Møtet ber det nye styret i TFL om å arbeide fram ei eller anna form for vidareføring av dette flotte tiltaket. Dette bør skje i eit nært samarbeid med deltakarane på Tiljetakt. Ein naturleg møteplass å drøfte vidareføring vil bli representantaskaps./ Folkemusikkforumsmøtet i september.

Ref. Kjell Stundal